



Andre Støldal Isaksen
Nedre Mangerbua 5
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2735 - 18/30257

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2018

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav VA - gbnr 137/752 Alver

Teknisk drift syner til brev, datert 30.08.2018, vedkomaden søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett – GBNR 137/752 Alver.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 2,5m (gjeld del av mur som er plassert ved eigen avkjørsle).
- Mur skal være fundamentert direkte på fast fjell eller skal fundamenterast under botn kommunalt leidningsnett. Mur kan ikkje fundamenterast på pakket pukk eller være forankra i labank. Ved etablering av mur skal det sendast inn fotodokumentasjon på korleis mur er fundamentert.
- Dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett er gitt under føresetnad om at det vert gitt dispensasjon frå byggegrense mot veg. Når det vert gitt dispensasjon frå byggegrense mot veg vil byggesak setje krav om avstand til vegmidt, høgde på mur i siktsone og avstand mellom ytterkant mur og veglys.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og anna utstyr). Dersom det oppstår skade på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av dette.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Med søknad skal det leggest ved eit situasjonskart som viser siktsoner, målt avstand til vegmidt og målt avstand til veglys.



Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til tiltak som kjem nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4.0 meter. Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» regulert av privatsrettslege regler og anses difor ikkje som utøving av offentleg mynde. Det foreligger difor ikkje formell klageadgang på dette vedtak.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune - byggesak
Lindås kommune - veg

Mottakarar:

Andre Støldal Isaksen

Nedre Mangerbua 5911
5

ALVERSUND